

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

28. juli 2016

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjorden

Høyringsfråsegn til søknader frå Engesund Fiskeoppdrett AS om utviding av anlegg

Grensa for fiskeoppdrett i Fensfjorden er nådd

P.g.a. store problem med nedkjemping av lakselus, rømmings- og smittefare, bandlegging av store sjøareal som kjem i konflikt med yrkesfiske og sjøretta friluftsliv og samla belastning av miljøgifter og organisk materiale i Fensfjorden, Matresfjorden og Austfjorden, vil Naturvernforbundet Nordhordland rå frå søknader frå Engesund Fiskeoppdrett AS om utviding av anlegga i Duesund og Leirvika.

Engesund Fiskeoppdrett har søkt om to utvidingar:

Oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Ak 11, Duesund.
Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Ein auke på 780 tonn.

Oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13699, Ak 4, Leirvika.
Engesund Fiskeoppdrett AS søker om løyve på lokaliteten Leirvika til auka maksimalt tillaten biomasse i anlegget frå 780 tonn til 1560 tonn. Ein auke på 780 tonn.

Naturvernforbundet Nordhordland vil understreka at dei to utvidingane medfører ei svært stor auke i tillaten biomasse i sårbare fjordområde som har vore belasta med unormalt mykje lakselus, m.a. i Duesund, og alvorlege rømmingar, m.a. i Leirvika. Ei dobling av tillaten biomasse på dei to lokalitetane vil etter vårt syn bety auka risiko for meir lakselus og annan sjukdom, meir medisinerings og fleire rømmingar.

Engesund Fiskeoppdrett har vore innblanda i fleire uheldige hendingar i Fensfjorden dei to siste åra. Under stormen «Nina» i januar 2015 gjorde ei flenge i nota at 11 300 laks (Kjelde: Fiskeridirektoratet) rømde frå anlegget i Leirvika. To gongar hausten 2015 vart anlegget i Duesund truga med tvangsmulkt p.g.a. uvanleg mykje lakselus i merdane. Situasjonen i dei to anlegga i Matresfjorden (Duesund og Ådnekvam), fjordarmen frå Fensfjorden og inn til Matre, førde til harde reaksjonar frå Mattilsynet.

Engesund fiskeoppdrett har lova bot og betring og gjev inntrykk av å arbeida målretta med å nedkjempa lakselus og rømmingar. Det syner seg likevel at lakselus er svært vanskeleg å bli kvitt og prognosane om meir ekstremvær aukar risikoen for rømmingar. Førre var-prinsippet tilseier derfor at ein bør vera svært restriktiv til utvidingar og nye konsesjonar så lenge anlegga ikkje er lukka.

Det er søkt om utviding innanfor område som er avsett til akvakultur i kommuneplanen. Det må likevel ikkje bety at det skal vera fritt fram for utvidingar og meir biomasse. Slike store anlegg er plasskrevjande og konkurrerer med yrkesfiskarar og friluftsliv om fiskeplassar og verdfulle sjøareal. Konfliktpotensialet er stort og bør etter Naturvernforbundet Nordhordland sitt syn føra til avslag på søknadene om utviding.

Fensfjorden er dessutan allereie belasta med miljøgifter og organisk avfall frå avfallsbedrifter frå begge sider av fjorden. Fiskeoppdrett må også reknast som slike avfallsbedrifter. Som dei, belastar fiskeoppdrett Fensfjorden og sidearmene med store mengder organisk materiale og miljøgifter som kan vera skadeleg for økosystemet, yrkesfiske og sjøretta friluftsliv. Også slik samla belastning bør etter Naturvernforbundet Nordhordland sitt syn tilseia avslag på søknaden.

P.g.a. sommarferie har vi diverre ikkje rekt å levera fråsegna innan fristen 22.07.16. Vi håpar likevel ho vert tatt med i den kommunale konsesjonsvurderinga. I tillegg sender vi kopi til konsesjonsmyndigheitene (Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet).

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland